



Høyringspartar

Sjå adresseliste

Dato: 23.05.2014

Vår ref.: 2014/230-82

Saksbehandlar: torklin

Dykkar ref.:

## Framtidig lokalisering av godshamn i Bergensområdet - endring av vidare planprosess

Revidert planprogram for *Regional plan for framtidig lokalisering av godshamn i Bergensområdet* har vore ute til høyring, der frist for å koma med innspel var sett til 23.12.13. Det har totalt kome inn 84 innspel til planframlegget. Både kommunar, offentlege og private organisasjonar – og ikkje minst bebuarar i Fleslandsområdet - har vore aktive i høyringsprosessen.

I etterkant av høyringa har Jernbaneverket fått i oppdrag av Samferdselsdepartementet å starta arbeidet med konseptvalsutgreiing (KVU) for logistikknutepunkt i Bergensregionen. Jernbaneverket har gjennom dialog med fylkesrådmannen signalisert at dei finn det uheldig å halda fram med to parallelle planprosessar. Jernbaneverket har uttrykt ønske om å – i samarbeid med HFK - utarbeida ein KVU som omfattar lokalisering av godshamn, godsterminal og samlastarfunksjonar. Jernbaneverket har invitert fylkeskommunen til å delta i KVU-arbeidet, og har skissert ei organisering av planarbeidet som sikrar fylkeskommunen både politisk og administrativ deltaking. Det vert presisert at samlokalisering mellom hamn og godsterminal ikke er ein føresetnad for KVU-arbeidet.

I utvalsmøte den 20. mai 2014 fatta fylkesutvalet følgjande vedtak:

1. Fylkesutvalet viser til Jernbaneverket sitt oppdrag frå Samferdselsdepartementet om å starta opp eit KVU-arbeid for logistikknutepunkt i Bergensområdet. Fylkesutvalet ser at det vidare arbeidet kring framtidig lokalisering av godshamn for Bergensområdet vert best ivaretake gjennom denne prosessen. Fylkesutvalet legg til grunn at KVU-organiseringa sikrar brei deltaking frå fylkeskommunen.
2. Fylkesutvalet slutthandsamar ikkje det reviderte planprogrammet for *Regional plan for framtidig lokalisering av godshamn i Bergensområdet* no. Prosessen med regional plan vert dermed utsett inntil dei overordna føresetnadane for eit framtidig logistikkutepunkt og behovet for vidare planarbeid er avklært gjennom Jernbaneverket sitt KVU-arbeid.

Dermed er det ikkje lenger grunnlag for å halda fram med den regionale planen, og ei eventuell slutthandsaming av planprogrammet vert utsett inntil vidare. Hordaland fylkeskommune takkar for samlege innspel til planprogrammet – desse har vore nyttige innspel i høve til den vidare prosessen.

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Torill Klinker  
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

